

Sparsamt framsmøte, men god utteljing på strikkekafeen.

10.11.2016



Eit mest fulltaig Røysterett for alle i strikkaplagg, eit moterett antrekk til kveldens tema. Musikalske leiar: Maria Malmsten

Det var heller labert framsmøte på strikkekafeen som Røysterett for alle skipa til i går kveld. Det, som var ein publikumsmagnet i fjor, lokka ikkje så mange til Helgheim, godt i underkant av 20 denne gongen. Koret er likevel godt nøgd med lodd- og årsalet og det songfaglege er som vanleg svært bra. Mange har merka seg at koret har fleire gode solistar, noko som er styrke og som fører til meir varierte og publikumsvenlege framføringar.



Tre av koristane synte at strikking og song let seg kombinera.

Strukturen på kvelden var: Song ved Røysterett, kaffi - kakepause med ein runde åresal og trekning, musikk ved Trekkspelklubben som var kveldens innbodne gjester, nok ein runde med åresal, korsong, trekning av vinstar på loddøkene og til slutt: Takk for i kveld.

Røysterett for alle framførte mindre av eit gamalt repertoar, og noko av det var meir variert og svingande enn ein er vane med. 'Vuggesang' og 'Våken drøm' (to Vampsongar) og 'Only You' som er ein slager frå 1983 med the Flying Pickets, har ikkje vore på programmet så ofte. 'Nu vilar folk och lander' av Bach vart framført for fyrste gong. Fleire av songane hadde innslag av solistar og soistgrupper. Koret har mange av dei. Gro Skeie akkompagnerte på piano på dei to Vampsongane.



[Røysterett for alle er eit kor med mange gode solistar. Ingvild Toskedal t.v. er ein av dei.](#)

Haldor Tveit innleia Kvinnherad Trekkspelklubb si avdeling med ein anekdote som knytte saman trekkspelmusikk og kva Edvard Grieg tykte om denne typen musikk. Gjendine Staalien, som var ei av kjeldene hans til samlinga Norske folkemelodiar, var derimot svært glad i trekkspelmusikk. Tveit fortalde at hennar Bånsull er med i samlinga til Grieg. Bånsull er og arrangert for blandakor av Steinar Eielsen. Koret avslutta kvelden med Bånsull. Etter denne finurlege samanblandinga av kor og trekkspelklubb, spela Trekkspelklubben tre svenske og ein norsk dansemelodi,- eit rettleg triveleg innslag. Uskedalen.no hadde diverre ikkje tid til å vera på heile konserten og vi har difor ikkje bilete frå Trekkspelklubben sitt innslag.

Tekst: Svein Rimestad

Foto/nett: Kristian Bringedal